



Arkivsaknr: 2025/4899-3
Sakshandsamar: Kate Bentzen
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - Molvik gard AS - Molvik gard AS åpner nye dører

Utvalssak Utval

Møtedato

Utval for næring, kultur og idrett

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Molvik gard AS åpner nye dører vert tildelt kroner 20 00 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Bakgrunn

Molvik gard AS er eit aksjeselskap. Bransje: 88.999Andre sosialtenester utan butilbod.
Registrert 10.01.2022. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar

Molvik gard AS er eit aksjeselskap på Molvik gard lokalisert på Ostereidet som sel lokalmat og gardsopplevingar. Verksemda vart etablert vinteren 2022. Molvik gard AS kjøper alle råvarer frå lokale produsentar og vidareforedlar dette før vidareasal. Bedrifta deltar på messer og festivalar rundt i heile Nordhordland og sel ferske bær og vidareforedla produkt frå Molvik gard og Nordhordland biosfæreområde.

Om prosjektet

Prosjektet startar opp 1. juli 2025 og er forventa gjennomført 31. desember 2025.

Molvik gard AS har de siste årene etablert seg som ein sentral aktør innan sal av lokalmat og gardsopplevingar. Verksemda er den største produsenten innan frukt og bær i region Nordhordland og har eit variert utval av både ferske og vidareforedla produkt.

Det er mange hotell og restaurantar som er interessert i produkt som kortreist frukt og bær, og etterspurnaden etter desse produkta er stor og aukande. Verksemda ønskjer no å vidareutvikle bedrifta sitt tilbod retta mot hotell- og restaurantbransjen og då med særleg

fokus på eit nytt produkt: dekorative ripskonkar frå nyplanting på garden. Det er søkt om støtte til investering i nytt fryseskap, marknadsføring og designutvikling.

Prosjektleveranse / målsetting

For 3 år sidan planta ein eit nytt felt med rips på garden og på sikt vil dette gi 500 kg bær. Dette er ein ny type rips som gir ripskonkar egne for bruk til pynt på kaker og dessertbord. Ein ny dyrkingsmetode gir gjerne ripskonkar med så mykje som 60 bær pr stilk. Bæra må plukkast, pakkast og frysast før dei vert seld til utvalde samarbeidspartnarar i regionen.

Målet med dette prosjektet er å utvikle ein ny produktlinje retta mot hotell og restaurant, styrke synleggjinga av lokalmat frå Nordhordland og auke vidareforedling og sal. Tiltaket forventast å skape nye samarbeid og vidare vekst for Molvik gard AS.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Molvik gard AS åpner nye dører	50 000	25 000	20 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet, vedtatt 21.03.2024 og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Næringsfondet skal styrkje næringslivet i Alver kommune og følgjande kriterium ligg til grunn for vurderinga:

- Bidrag til auka næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar:

Prosjekt som stimulerer til utvikling av nye verksemder, styrking av eksisterande næringsliv, og som skaper varige arbeidsplassar i Alver kommune, skal prioriterast.

- Nyskaping, innovasjon og berekraft:

Tiltak som representerer nytenking, teknologisk utvikling eller bidreg til grøn omstilling og meir berekraftig drift, blir vurdert særleg positivt.

- Gjennomføringsevne:

Prosjektsøknaden skal vise realistisk framdriftsplan, budsjett og ei truverdig gjennomføringsevne, basert på søkjar sin kompetanse, erfaring og finansieringsevne.

- Lokal og tydleg effekt i Alver kommune:

Midlane frå fondet skal i hovudsak ha direkte effekt i Alver kommune. Det kan vere gjennom lokal verdiskaping, sysselsetting, innkjøp frå lokale leverandørar eller etablering av varig næringsverksemd i kommunen.

- Tilskotet sin utløysande effekt:

Det skal vurderast i kva grad tilskotet er nødvendig for å realisere prosjektet. Støtta frå fondet skal ha ein avgjerande eller vesentleg funksjon for oppstart og gjennomføring.

Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til dette.

Vurdering

Prosjektet frå Molvik gard AS framstår som eit gjennomtenkt og realistisk utviklingstiltak innan lokalmatsektoren, der ein ønskjer å vidareutvikle garden si rolle som matprodusent og styrkje tilbodet retta mot profesjonelle kundar som hotell og restaurantar. Prosjektet er forankra i ein eksisterande og aktiv verksemd, og det vert vist til konkrete tiltak som er godt tilpassa både marknaden og dei ressursane garden rår over.

Det vert lagt til rette for berekraftig næringsutvikling gjennom satsing på kortreiste råvarer, lokal vidareforedling og ei unik produktutvikling basert på ripsdyrking med spesielle kvalitetar. Dette fell godt saman med Alver kommune sine mål om berekraft og innovasjon i landbruket. Prosjektet er òg eit døme på nyskaping, då det nye produktet – ripskonkar eigna for dekorasjon – per i dag ikkje finst i marknaden i regionen.

Prosjektet sitt budsjett er realistisk og godt dokumentert og det er søkt om støtte til konkrete utviklingstiltak som samsvarar med støttevilkåra i vedtektene. Prosjektet har og ein klar og avgrensa prosjektperiode.

Det vert vurdert som sannsynleg at prosjektet vil bidra til auka verdiskaping og eventuelt sysselsetting på sikt, i tillegg til å gi positive ringverknader for andre lokale produsentar som leverer råvarer til Molvik gard AS. Eit tilskot frå næringsfondet vil vere utløyande for prosjektets gjennomføring.

Alver kommune vurderer prosjektet som eit godt eksempel på berekraftig næringsutvikling i tråd med fondet sitt føremål.

Kommunedirektøren si tilråding

Prosjekt Molvik gard AS åpner nye dører vert tildelt kroner 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Vedlegg

- 1 Søknad om kommunalt næringsfond 2025-0011
- 2 Prosjekt -Budsjett -Molvik gard aapner nye doerer.pdf
- 3 Rovada rips til hoteller og restauranter.png